



## Notat

Dato: 12.01.2016  
Arkivsak: 2014/15246-19  
Saksbehandlar: gunaust

---

<b>Til:</b>	Silje Øvrebø Foyen
<b>Frå:</b>	Gunnbjørg Austrheim

---

### Kommunedelplan E 39 - Heiane - Ådland / Tveita - Stord kommune

#### Nyare tids kulturminne

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevernet. Det er utarbeidd deltemarapport kulturminner som gjev ein oversikt over kulturminne innanfor planområdet. Det er registrert fleire Sefrak-registrerte bygg som er viktige kulturmiljø i Stord kommune.

Konsekvensutgreiinga vurderer desse kulturmiljøa til å ha middels til stor verdi:

- Søre Tveita 1 og 2 er viktige kulturmiljø som er med i bygningsvernplanen til Stord kommune og landbruksplanen for Stord og Fitjar kommune.
- Gardstun Langeland ( gnr 43 bnr 1) er eit viktig kulturmiljø med stor tidsdjupne som er med i bygningsvernplanen til Stord kommune.

#### Vurdering av planforslaget

Ved oppstart av planarbeidet ga Hordaland fylkeskommune fråsegn dagsett 13.05.2014. Det er positivt at konsekvensutgreiinga viser kulturminne og kulturmiljø som eige tema som skal utgreiast.

Konsekvensutgreiinga, som no ligg føre, synleggjer kulturmiljø og kulturminne på ein god måte og vi er samde i dei vurderingane som vert gjort med omsyn til nyare tids kulturminne.

Etter Hordaland fylkeskommune sitt syn er det særleg uheldig at planforslaget legg opp til direkte konflikt med kulturmiljøet på Søre Tveita i alternativ 2.

#### *Alternativ 1.*

Delområde 2: Landåsen med Søre Tveita. Kulturmiljøet på Søre Tveita vert råka i den grad at ein mister den store samanhengen dette kulturmiljøet er ein del av med tiltak i omkringliggende landskap som nye fyllingar, støyskjermar m.m.

#### *Alternativ 2.*

Delområde 2: Landåsen med Søre Tveita. Her går vegen i ope landskap og kjem i direkte konflikt med kulturmiljøet på Søre Tveita. Konsekvensane for Søre Tveita og området er vurdert til som middels til store.

*Alternativ 3.*

Kulturmiljøet på Søre Tveita vert mindre råka av vegen, då vegen er mindre synleg i landskapet.

*Alternativ 4.*

Alternativ 5 har ein vegløyising med tunell som både direkte og indirekte sikrar kulturminne og kulturmiljø på ein god måte. Kulturminna vert liggande i sin naturlege samanheng.

*Alternativ 5.*

Delområde 2: Landåsen med Søre Tveit. Her går vegen i tunell frå Skipahaugen til Ådland, noko som gjer ingen konflikt og ingen konsekvensar for kulturminna på strekninga. Vi vurderer alternativ 5 som samla sett det beste alternativet med omsyn til nyare tids kulturminne og vil rå til at dette alternativet vert valt.

Vi minner om at kommunen sjølv har ansvar for ivaretaking av lokale kulturminne, jf. pbl § 3-3, og pliktar å ta omsyn til overordna statlege og regionale interesser i si planlegging jf. pbl § 11-1 andre ledd.

**Konklusjon**

Hordaland fylkeskommune rår til alternativ 5., då dette samla sett er det beste alternativet av omsyn til nyare tids kulturminne.